

# Nasjonal deleksamen i rettsanvending for master i barnevern og master i barnevernsfagleg arbeid

## NYNORSK

**Dato:** 10.04.2024

**Eksamenstid:** 9:00-13:00

**Hjelpemiddel:** Lovdata Pro

**Oppgi berre kandidatnummer, og ikkje andre identitetsmarkørar, slik som emnekode eller institusjonstilhørighet, i svaret på oppgåva.**

Peder er 16 år gammal. Han er stor og sterk for alderen, og har gjennom heile barndomen drive med kraftsportar som kulestøyt og vektløfting. Omsorgssituasjonen heime var stabil til foreldra skilde seg for rundt 2 år sidan. Foreldra handterte ikkje brotet særleg godt, og Peder tok dette tungt. Han har opplevd dei siste 2 åra som eit stort kaos. Som følge av dette har Peder opparbeidd seg eit heftig temperament, som jamleg går ut over både gjenstandar og personar rundt han.

Peder sine foreldre kontakta barnevernstenesta som sette i verk ulike hjelpetiltak til støtte for familien. Då Peder sin onkel Ragnar fekk høyre om Peder sine vanskar, kontakta han Peder. Ragnar er tidlegare noregsmeister i vektløfting, og leiar i dag vektløftarklubben Storevik Atletklubb som ligg nokre mil frå der Peder bur. Peder har alltid sett opp til onkelen, og dei to trente i blant saman til det blei vanskeleg heime hos Peder. Ragnar foreslo at Peder kunne delta i fellestreninga hos Storevik Atletklubb kvar torsdag. Han trudde dette ville bidra til at Peder blei stimulert til å bruke energien sin på sunne aktivitetar. Peder blei gira av ideen. Han fekk hjelp av onkelen til å søke barnevernstenesta i Lillevik om hjelpetiltak, i form av støtte til å dra på treningar i Storevik kvar veke. Dette inkluderte transport til og frå treningane, samt pengar til klubbmedlemskap og nødvendig utstyr som sko og belte.

Barnevernstenesta avslø søknaden fordi Peder sitt ønske var for kostbart. Barnevernstenesta viste til at det fanst treningscenter i nærområdet der Peder kunne oppleve meistring og treningsglede, og der barnevernstenesta kunne gi støtte til medlemskap. Peder var skuffa, men verken han eller foreldra var motivert for å klage på vedtaket.

Dagen etter sende Ragnar ein e-post til barnevernstenesta der han fremma ei klage på vedtaket. Ragnar påstod at han hadde klagerett. Han argumenterte med at det ville vere sunt for Peder å vere saman med folk som satsar seriøst på vektløfting. Saksbehandlaren svarte Ragnar og påstod at Ragnar ikkje hadde klagerett, fordi han ikkje var part i saka.

Hjelpetiltaka viste seg å ikkje ha tilstrekkeleg effekt, og etter kvart makta foreldra lenger å handtere Peder. For eit par månadar sidan blei han plassert på barnevernsinstitusjon i medhald av barnevernslova kapittel 6.

Peder hadde ikkje noko kjent rusproblem før han flytta til institusjonen. Han hadde sjølv uttalt at han hadde prøvd alkohol nokre gongar, men han likte ikkje smaken. Han sa han aldri hadde prøvd andre rusmiddel sidan rusmisbruk ikkje kunne sameinast med å drive med kraftsport. Dei tilsette på institusjonen var likevel bekymra for at Peder kunne vere i risikosona for å begynne med rusmiddel. På skolen hang han tidvis saman med ein gjeng som var kjende for å selje hasj. Peder nekta for at han dreiv med det. Han meinte at han måtte få lov til å ha kompisar som var litt utanfor normalen. Ein dag fortalte ein av dei andre ungdomane på institusjonen at han hadde sett Peder ta i mot noko frå ein annan på skulen. Han hadde stått på avstand, og såg derfor ikkje kva det var, men det såg ut som ein pose med tablettar. Jørgen, den tilsette som fekk denne opplysninga, blei no svært bekymra for at Peder var på veg til å bli dratt inn i eit rusmiljø. Han tok kontakt med leiaren for institusjonen og fortalte kva han hadde fått vite. Jørgen var tydeleg på at det var viktig å avdekke eventuell bruk eller sal av rusmiddel tidleg. Leiaren var einig i dette og fatta vedtak om kroppsvisitasjon.

Då Peder kom til institusjonen, venta Jørgen og ein annan tilsett på han. Jørgen sa at han hadde ein mistanke om at Peder hadde narkotika. Peder blei overraska og nekta for at det var tilfelle. Jørgen bad Peder om å vrenge lommene sine. Peder nekta. Jørgen sa at dei måtte vere sikre på at han ikkje hadde noko, ettersom andre ungdomar på institusjonen sleit med rusmisbruk.

Jørgen sjekka først sekken til Peder utan å finne noko. Han kjende så utanpå lommene på jakka til Peder, og kjende noko som verka som ein pose med noko. Han bad Peder ta fram posen, og Peder

gjorde det. Peder sa at han berre skulle oppbevare den for ein venn til i morgen, og at han ikkje visste kva som var i posen. Jørgen bad Peder om å gi frå seg posen, men Peder gjekk i staden bort frå Jørgen. Jørgen bad han stoppe og kome tilbake slik at dei fekk snakka om dette. Peder hissa seg opp og begynte å rope; «berre vent til eg finn ut kven som tysta». Jørgen sa at det var nok no og bad Peder gå på rommet sitt. Peder ropte til Jørgen at han ikkje kunne tvinge han på rommet, og kasta posen med tablettar i golvet. Jørgen gjekk så bort til han, tok han i arma og leidde han opp på rommet.

Dagen etter hendingane gjekk Jørgen gjennom situasjonane som hadde oppstått saman med Peder. Når det gjaldt kroppsvisitasjonen forklarte Jørgen at på grunn av informasjonen institusjonen hadde mottatt, var det nødvendig å sjekke om Peder hadde ein pose tablettar. Institusjonen hadde ansvar for å gi alle bebuarane forsvarleg omsorg, og kunne ikkje risikere at Peder hadde med seg rusmiddel inn på institusjonen. Peder påstod at institusjonen ikkje hadde mynde til å kroppsvisitere han. Han meinte også at det ikkje hadde vore nødvendig med kroppsvisitasjonen verken av omsyn til han sjølv eller til dei andre bebuarane.

Peder påstod videre at Jørgen ikkje hadde hatt lov til å ta han iarma. Jørgen sa det var nødvendig å leie han bort frå situasjonen når han oppførte seg slik som han hadde gjort. Jørgen hadde ikkje opplevd situasjonen som truande for seg eller den andre tilsette, og ingen av ungdomane var på bygget, men det var nødvendig å leie Peder ut av situasjonen for at han skulle roe seg ned. Til dette sa Peder at Jørgen kunne handtert situasjonen på ein annan måte. Grunnen til at han hadde hissa seg opp var at han opplevde at Jørgen ikkje trudde på han. Jørgen viste til at Peder hadde ei forhistorie med utagering, og det var institusjonen si oppgåve å gi Peder forsvarleg omsorg. Det var openert nødvendig å få Peder til å roe seg.

*Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla som følger av påstandane som er reiste i oppgåva. Spørsmålet om Peder har rett til hjelpetiltak etter barnevernslova § 3-1 skal ikkje behandlast.*